

Høyring: Forslag til struktur i nytt fakultet

Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap (FØS)

Innleiing

Høgskulestyret vedtok ny fakultetsstruktur 16.2.17. Vedtaket om fakultetsstruktur vert følgt opp i styrevedtak om instituttstruktur 28. september 2017.

I forkant av styrebehandlinga, er det ynskeleg at tilsette og studentar gjer sine innspel til dei tre modellane skissert i dette notatet.

I prosessen er det søkt å sikre ei brei involvering. Sidan nyttår er det gjennomført fleire samlingar og møter på dei ulike campusane og på tvers av fagmiljø og studiestader. Instituttleiar for økonomi og administrasjon, Bergen, Tom Skauge (delegert frå dekan), dekan Anne Grethe Naustdal, Sogndal, og dekan Anne Robbestad, Haugesund, har hatt jamlege møte om prosess og utvikling av dei ulike modellane.

Fagmiljøa har vore aktivt med i utforminga av dei aktuelle modellane som ligg føre i gjeldande høyring.

Det har vore utarbeidd fleire modellar basert på to hovudperspektiv; disiplin/fagbasert og utdanning/profesjonsbasert.

Modellar knytt til disiplinorganisering mangla støtte i fagmiljøa og vart difor ikkje utvikla vidare. Dette har samanheng med konsentrasjon av tilsette og studentar kring utdanningane på dei ulike studiestadane. Det blei i tillegg påpeika at nautikkutdanninga ikkje ser det hensiktsmessig å organisere disiplin/fagbasert. Fagmiljøet har ein spesiell posisjon i norsk samanheng, og det å synleggjere dette som eige institutt kan bidra til posisjonering av miljøet nasjonalt og internasjonalt. Dette er i tråd med HVL si rapport om fagleg plattform, profil og strategi som stadfestar at utdanninga kan hevde seg nasjonalt og internasjonalt innan profilen teknologi, brekraft og samfunn.

Avgrensing

Å teikne instituttstruktur er krevjande utan at det føreligg ei overordna strategi for HVL.

Tidsperspektivet er og viktig, når utgangspunktet til dels er svært forskjellige utdanningsområde. Det er difor ei forventning om at kommande strategiprosess vil kunne gje viktige signal om den valde instituttstrukturen er den mest hensiktsmessige for ei vidareutvikling av fakultetet og for HVL, om ein har evna å skape synergjar og nytta den samla kapasiteten og kompetansen i fagmiljøa.

Vi må og legge til grunn at modellane som er foreslått vil utvikle seg over tid når fagmiljøa er betre kjend gjennom gjennomgåande studieprogram, forskingsprosjekt, BOA¹-aktivitetar og utarbeiding av ein felles strategi for Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap (FØS). Fakultetet vil undervegs jobbe proaktivt for å sikre utvikling av gjensidig kunnskap på tvers av fagmiljø.

¹ Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet

Der er viktig å merke seg at FØS er i ein særskild posisjon i forhold til dei tre andre fakulteta, i hovudsak med tanke på storleik. FØS har omlag 120 fagtilsette og i underkant av 2000 studentar. Samanlikna med dei andre fakulteta har FØS omlag halvparten så mange fagtilsette samanlikna med fakultet for ingeniør- og naturfag og ca. ein tredjedel når det gjeld fakultet for Helse- og sosialfag. FØS har ei forholdsvis lav del tilsette per student samanlikna med dei andre fakulteta. Det kan difor tenkast at modellane foreslege for FØS skil seg frå dei andre fakulteta. Dette gjeld spesielt behovet for understrukturar (nivå 4 og 5).

Sjølv om FØS er det minste fakultetet innanfor HVL, er ikkje dette så spesielt for øk-adm-utdanningar i eit nasjonalt perspektiv. NMBU har eit eige øk-adm. fakultet (handelshøgskule) med ca. halvparten av studentar og tilsette (inkl. administrative/tekniske tilsette) som FØS. Det same gjeld UIS, kor handelshøgskulen har litt over halvparten tal studentar og 2/3 av fagtilsette, samanlikna med HVL. Det som gjer FØS unik i Noreg er nettopp at øk-adm, nautikk- og samfunnsfagsutdanningar er organisert under same fakultet. Dette vil kunne gje HVL spennande utviklingsmuligheiter framover med regionalt, nasjonalt og internasjonalt fokus på hav og det maritime, samt nye utdanningskombinasjonar (maritime leiing, grøn logistikk, fattigdom m.m.). Det er og viktig at dei store fagmiljøa innan organisasjon og leiing no kjem i same fakultet.

Korleis dekanatet ved FØS kan organiserast er i mindre grad tematisert i dette notatet. Det går prosessar parallelt i organisasjonen knytt til desse spørsmåla. Gjennom prosessen er det lagt vekt på at det må etablerast ein leiingsstruktur som tek i vare dekanen sine behov for støtte. Dette er særleg knytt til å bygge synergjar mellom svært ulike utdanningar og forskingsmiljø. Samstundes er det lagt ein struktur på institusjonsnivå, og ein må vurdere om modellane skal ha ei leiingsstruktur på dekannivå som speglar denne. Det blir og viktig å vurdere eit dekanat opp mot organisering av dei tre andre fakulteta. Dette av omsyn til å skape tydelege strukturar og med omsyn til at dekanatet skal ha kompetanse og kapasitet til å bli høyrte i HVL si leiing, samt delta i samarbeidsprosessar med andre dekanar/prodekanar.

I prosessen med utarbeiding av ulike modellar for instituttstruktur, har dei ulike føringane frå fusjonsplattform, prinsipp for organisering av nivå 3 frå fusjonsprogrammet og føringar og innspel frå fagmiljøa vore eit utgangspunkt og diskusjonsgrunnlag. Desse følgjer under. Det er viktig å merke seg utfordringa med å leggje prinsipp og føringar til grunn, samstundes som ein må finne *den mest hensiktsmessige* organiseringa for vidare utvikling av fakultetet. Nokre av prinsippa som ligg til grunn kan til tider opplevast å stå i konflikt til kvarandre.

Føringar frå fusjonsplattforma

Om fagleg organisering:

- Høgskulen på Vestlandet skal ha felles utdanningsløp med rom for å utvikle faglege profilar etter eigenart og lokale behov
- Det skal vere utdanning på masternivå på alle studiestadane
- Master- og doktorgradsutdanningane skal gje meirverdi for nærregionane
- Høgskulen på Vestlandet skal ha ei organisering som og styrkjer forskingsposisjonen regionalt, nasjonalt og internasjonalt

Om leiing:

- Høgskulen på Vestlandet skal ha gjennomgåande leiing og eins leiing på alle nivå
- Høgskulen på Vestlandet skal ha strategisk fagleg og administrativ leiing på fleire nivå i nærregionane.
- Tilsette skal ha nærleik til fagleg leiing og personalleiing

Føringar frå arbeidsgruppa i Fusjonsprogrammet

- **Campusovergripande**

Einingar på nivå 3 skal i utgangspunktet vere campusovergripande.

- **Store institutt**

Alle tilsette i vitskapelege stilling skal være tilsett på eit institutt eller andre formelle einingar på nivå tre. Det har vore anbefalt store institutt for å sikre samanhengar mellom bredde i bachelorprogram, grunnlaget for masterprogram og muligheit til å sikre god kopling mellom forskingsaktivitet og undervisning.

- **Alle institutt skal ha kapasitet til masterprogram**

Prosjektgruppa ser det som viktig at alle institutt har minst eit mastertilbod med god rekruttering og med forskingsmiljø, fagleg kvalitet og innretning som gir grunnlag for opptak til pH. D. – utdanning.

- **Studenten i sentrum – forskingsbasert utdanning er primærverksemd**

Etablering av institutt tek utgangspunkt i utdanningsprogram /studieprogram med naturlege samanhengar, gitt den profilen fakultetet har. Det er studentane sine faglege behov og kandidatproduksjon som er den primære rettesnor.

- **Studentnære administrative funksjoner til stede på instituttnivå**

For å sikre god intern styring, bruk av vitskapeleg arbeidstid fagretta, og nærleik til studentane, bør ein tilstrekkeleg administrativ ressurs vere knytt institutta. Størrelsen vil variere, særleg med innslag av praksisadministrasjon.

Eventuelle «Schools of..» som alternativ til institutt må vere grunnlagt med utgangspunkt i studentane sine behov og marknadspotensiale.

Forslag om institutt som ikkje støttar krav til størrelse, er nærregionovergripande og med kraft til å ha masterprogram, krev særskilt grunngeving, og bør drøftast (eventuelt av et fakultetsråd og eventuelt) i styret før de etablerast.

Innspill og føringar fra FØS leiing og fagtilsette

- Sikre tydelige leiingsliner som gir både trygghet og ivaretar fagleg autonomi.
- Sikre at læringsmiljøet for studentar og tilsette blir best muleg.
- Kort veg mellom leiarar, personale og studentar.
- Sikre effektiv ressursbruk. Det er ikkje gitt at store institutt er det beste instrument for å ivareta dette behovet.
- Unngå nivå 4. Linjen er lang nok og til dels overbelasta i dag.

- Vilkår for god kontakt med samfunns-, nærings- og arbeidsliv på grunnnivå.
- Stadlig leeing – nærheit til fagleg tilsette og studentar.
- Administrative støttefunksjonar som sikrar kapasitet til lokal fagleg leeing.
- Gode vilkår for framtidig fagleg dialog, koordinering og læring på fag- og programnivå.
- Sikre rom for fagleg autonomi, innovasjon og initiativ og tillit i fagmiljøa.
- Behalde og vidareutvikle gode koplingar til fagmiljø på andre fakultet.
- Sikre at god undervisning, forskning og formidling blir ivaretatt i ny organisasjon.
- Sikre eit godt samarbeid på tvers av institutta - studieprogram så vel som forskingsgrupper.
- Legge til rette for utvikling av nye studium og forskingsaktivitet på tvers av dei tre institutta.
- Støtte posisjonering av FØS både nasjonalt, regionalt og internasjonalt innan dei tre retningane (økad-adm; nautikk og samfunnsfag).
- Sikre at FØS kan levere gode studietilbod i tråd med nasjonale og eigne faglege standardar, styringsparametra fra eiger og HVL sitt styre.

Presentasjon av modellane

Likskap mellom modellane

Det er brei semje om at nautikk og samfunnsvitskap organiserast i eigne institutt. I dei ulike modellane er det difor ikkje variasjon i forslaga knytt til desse fagområda. Nautikkutdanninga har ein spesiell posisjon i norsk samanheng, og det å synliggjere dette som eige institutt kan bidra til ytterlegare posisjonering av miljøet nasjonalt og internasjonalt. Også det samfunnsvitskaplege fagmiljøet skil seg ut ved høg publisering og forskingsaktivitet regionalt og nasjonalt, delvis også internasjonalt. Organisering kring samfunnsvitskap fungera godt i dag, og dei tre modellane gir muligheter for ei vidareutvikling utan drastiske endringar på noverande tidspunkt. Med eit eige institutt vil også det samfunnsvitskaplege miljøet på sikt kunne vere vertskap for dei andre samfunnsfaglege miljøa innan HVL, t.d. dersom den føreståande strategiprosessen skulle vise seg at dette kan vere ei fornuftig løysing.

Det er ein føresetnad for alle modellane å behalde og vidareutvikle samarbeid mellom institutt/school i FØS, samt samarbeidet med andre fakultet og eksterne partnerar.

Det er vidare semje om at samarbeid på tvers av institutta må ivaretakast av tverrgåande faggrupper. Institutt/School har forskning- og utdanningsansvar.

Samarbeid på tvers av og internt i institutta vil ivaretakast av tverrgåande disiplin-/faggrupper. Det same gjeld for forskingsaktivitet på tvers. I tillegg må ein sjå vidare på strukturer for studieprogramkoordinering for å avlaste instituttleiinga (til dømes organisering av Øk.adm., Bergen i dag).

Det er semje om at det i dag er vanskeleg å drive kjerneaktivitetane (utdanning og forskning) utan at det er knytt administrative ressursar som fakultetet (og institutta) rår over, som er tett på og som samsnakkast. Avgjerdsforløyene må vere korte og eintydige slik at ein er effektiv når det gjeld tilsetjingar, saksutgreiingar, prioritering av arbeidsinnsats m.m.

Modellane vert vurdert til å ha kort veg mellom leiar, tilsette og studentar og kontrollspennet gir kapasitet til gode relasjonar (særleg modell 2 og 3). Ein vurderer modellane til å vareta

studentperspektivet særst godt. I tillegg gir den gode vilkår for god kontakt med samfunn,-næring- og arbeidsliv på alle nivå.

Ulikskap mellom modellane

Ulikskapen i modellane er såleis knytt til organiseringa kring øk/ad-utdanningane, og det er leiarstrukturen innan øk.adm. at modellane skil seg frå kvarandre. Leiingsstruktur og utlysingar av leiarstillinar skal skje etter at instituttstrukturane er fastsett. Dette har betydning både for utdanning- og forskingsleiing. I dette notatet vil difor leiingsstrukturen ikkje kunne vere ferdig teikna ut, og vil avhenge av vidare handsaming i pågåande parallelle prosessar. Når det gjeld tal på leiarar/mellomleiarar tek modellane omsyn til den noverande bemanninga ved dei 3 campusane og føreset ikkje noko nemneverdige ekstra ressursar. Økonomi og budsjettfordeling er heller ikkje teikna inn i modellane, men har betydning for val av modell. Det er likevel viktig å understreke at ein kan leggje til rette for kompenserande tiltak etter kvart som budsjettfordelingsmodellar og eventuelle prinsipp for leiarstruktur tek form.

I prosessen med å utarbeide forslaga til modellar, er det forsøkt å ta utgangspunkt og vurdere dei ulike prinsippa og føringane som føreligg. Modellane er teikna etter innspel frå leiarar, tilsette og tillitsvalde og det er ulike vurderingar av kva for prisnipp og føringar som skal vege tyngst når vi skal leggje strukturen. Nokre modellar svarer difor godt på nokre prinsipp/føringar, medan andre må finne kompenserande tiltak for å ivareta dei ulike prinsippa/føresetnadane. Organisering av fag og forskingsgrupper er ikkje endelege. Det er heller ikkje instituttnamn. I det følgjande vert dei ulike modellane skissert kort, følgt av ein argumentasjon med fordelar og ulemper.

Modell 1

Modellen skisserar tre institutt med noko ujamn størrelse. Størrelse på dei to minste institutta er i dag på om lag 20 personar kvar (maritime fag og samfunnsvitskap), medan det største instituttet (øk.adm) har om lag 80 tilsette og eit spenn over tre campus. Institutt for samfunnsvitskap går over to campus no som Master i organisasjon og leiing også går i Haugesund. Ved å leggje til rette for at leiar av det største instituttet har assisterande leiarar (eller tilsvarande) med stadleg ansvar i dei to andre nærregionane, vil ein kunne ivareta prisnipp om leiarspenn og behov for stadleg leiar/kort veg til nærmaste leiar. Instituttleiarane vil kunne ha både strategisk og operativt ansvar for utdanningsportefølje og forskning på dei ulike utdanningsnivåa og på tvers av campus og nærregionar. Leiararar sine funksjons- og ansvarsområde vil bli nokolunde like i dei tre institutta, men det vil vere behov for å delegere/fordele til assisterande/vise-instituttleiarar med stadleg ansvar i nærregionane i det største instituttet (øk.adm.). Det kan dermed bli aktuelt med eit nivå 4 i det største instituttet. Det vil i tilfelle ikkje føre til fleire leiarar i fakultetet enn med den leiarstrukturen vi har i dag. Bakgrunn for at det her er ein leiar på øk.adm. (og ikkje 3) er behovet for å synleggjere oppbygging av eit felles øk.adm.-miljø med felles praksis og mest mogleg gjennomgåande studieprogram. Erfaringar i noverande struktur har vist at det ikkje er like enkelt med delt leiing når det er naudsynt med endringar.

Det er i modell 1 ikkje teke stilling til om øk.adm.-instituttet skal heite institutt, eller om namnet av marknadsomsyn bør organiserast som ein 'School'. Det særreigne med modell 1 er at fagmiljøet for øk.adm-utdanningane har ein felles leiar og ei leiargruppe med to assisterande/vise-leiarar som sikrar stadleg leiing på campus og som gir eit leiarspenn som ikkje er større enn 20-30 tilsette.

Argumentasjon for og i mot

Hovudprinsippa i denne modellen er at organiseringa byggjer på utdanningsområda og at institutta er campusovergripande der det er hensiktsmessig. Eit stort institutt (øk.adm.) vil kunne gje større synergjar gjennom å samle fagmiljøa på tvers av campus og med einsarta leiing, medan ein framleis varetek stadleg leiing.

Modellen svarer godt på dei prinsippa og føringane som føreligg, har ein tydeleg struktur og er lett å kjenne seg att i for tilsette og studentar. Det er enkelt for potensielle studentar å vite kvar ein skal vende seg. Institutta bærer eigne masterprogram og organiseringa tek utgangspunkt i utdanningsprogram /studieprogram med naturlege samanhengar, gitt den profilen fakultetet har. Satsingsområda i fakultetet blir godt synleggjort.

Modellen er gunstig med tanke på framtidige akkrediteringar, med omsyn til storleik på fagmiljø.

Kravet om stadleg leiing i det store instituttet utløyser behov for eit nivå 4, men utan å auke talet på leiarar etter organisering i dag .

For den enkelte tilsette i øk.adm.-instituttet, vil det bli noko lengre veg til toppleinga.

Det kan og sjåast på som ei ulempe at modellen har 2 små og 1 stort institutt. Erfaringar frå ATØM (HSH) og ASF (HiSF) med ulike størrelsar er ikkje problematisk dersom organiseringa er hensiktsmessig. Utvikling vert ikkje stoppa av størrelse (det er potensialet som tel) og kan opne for fleksibilitet.

Denne modellen vidarefører langt på veg organiseringa vi har i dag.

Modell 2

Institutt for maritime fag og institutt for samfunnsfag er organisert likt i modell 2 som i modell 1. Dei økonomisk-administrative fagmiljøa vert i denne modellen foreslått organisert som ein Business School. Business School vil som i modell 1 (øk.adm.-institutt) telle om lag 80 tilsette.

Bakgrunnen for å foreslå dei økonomisk administrative studia organisert i ein School er at dei er samansett av ein del disiplinar. NRØA deler fagområda inn i 5 + 1, men i denne samanhengen er det truleg meir rett å snakke om 8 disiplinar (samfunnsøkonomi, bedriftsøkonomi/rekneskap, finans, marknadsføring, organisasjon/leiing, metode/matematikk/statistikk, etikk og jus). Øk.adm.-tradisjonen er, og har vore, disiplinorientert, i motsetning til det som har vore tradisjon i mange profesjonsutdanningar. Det er mellom fagfolk på dette nivået utvikling av emne, emneplanar og didaktikk går føre seg. På grunnlag av dette er det derfor viktig at det blir så få sperrer, nivå og korte tenestevegar som råd for at dette «fagutviklingsnivået» skal få best handlingsrom. Leiarnivået kan i denne modellen vere på eit nivå (nivå 3) og dispiplinkoordineringa vil kunne vere tverrgåande (matrise) under nivå tre saman med studiekoordinatorar.

School-omgrepet er foreslått for å i større grad tilpasse seg marknadssituasjonen. Det er eit kjent omgrep i internasjonal samanheng og i akkrediteringsrundar er det difor betre. I tillegg sel det truleg betre i rekrutteringssamanheng-både mot tilsette og studentar.

Denne modellen har ein avklart leiarstruktur. Nivå 3 er eit reindyrka kollektiv leiarskap- kor tre leiarar (i nærregionane) har like stillingsbeskrivingar og ansvar som dei to andre instituttleiarane. Dette er

ikkje ein tradisjonell leiarmodell, men det kan vere oppsider i å gjere noko annleis enn det som er vanleg i sektor. Høyringsinnspel kan gje nyttig innspel på dette.

Argumentasjon for og i mot

Eit kollektivt leiarskap gjev rom for å tenke heilskapleg, og leiarstrukturen er utviklingsorientert ved at den legg opp til meir kritisk refleksjon, læring og utvikling. Leiarnivået er i denne modellen på nivå tre og sikrar likestilt stadleg leiing og nærleik til leiing. Modellen oppfattast som lett å implementere og varetek marknadselementet ved å kommunisere lett til studentar, tilsette og arbeidsliv. Modellen kan vere attraktiv i samband med leiarstillingar som skal fyllast- kan dyrke leiarar oppover i systemet. Modellen legg og til rette for samarbeid mellom campus og vurderast til lett å hente ut synergieffektar frå.

Modellen vurderast til å vareta studentperspektivet godt, i tillegg til samfunn- og arbeidsliv.

Det er påpeika at usemje mellom leiarane på nivå 3, kan måtte komme til å involvere dekan i større grad enn i dei andre modellane, og at det er noko risiko knytt til ulik handsaming i saker. Eit kompenserande tiltak er ein tydeleg skilnad mellom kva som leggst til campus og kva som ligg til School. Det kan til dømes vere ulik fortolkingar i informasjonsoverføring. I tillegg kan det opplevast som uklare liner for omkringliggande einingar. Det er difor særst viktig at formelle avgjerdsliner er klare.

Det er og påpeika at ein school-organisering kan opplevast som eit prioritert fagmiljø i fakultetet med ein anna organisering enn dei andre einingane. Samstundes synleggjer det godt det økonomisk-administrative fagmiljøet ved HVL.

Modell 3

Institutt for maritime fag og institutt for samfunnsfag er i denne modellen organisert som i modell 1 og 2.

Dei økonomisk-administrative fagmiljøa vert i denne modellen foreslått organisert i tre institutt, ramma inn i ein Business School. Denne modellen legg til grunn fleire omsyn. Den beheld velfungerande institutt-einingar som instrument for fagleg innovasjon kopla saman med ny organisatorisk plattform for fagleg samordning – School på tvers. Ein unngår eit nivå 4 som kan gje ei for lang byråkratisk line. School of Business Administration and Innovation er ei ramme for dei tre institutta for øk.adm. i både Bergen, Sogndal og i Haugesund. I modellen beheld ein den noverande organiseringa av øk.adm.-utdanninga, men legg til rette for studiekoordinatorar på utdanningane, og i tillegg fagkoordinatorar organisert etter disiplinar. Det er den tverrgåande koordineringa som leggjar til rette for campusovergriping, snarare enn ei overordna organisering.

Argumentasjon for og i mot

Modellen som er føreslege er lett å kjenne seg att i, og ein varetek velfungerande strukturar for organisering, som raskt er klare for å iverksetje prioritert innovasjon og tiltak for kvalitetsforbetring. Institutta har tilnærma lik størrelse og ein unngår eit nivå 4 og overbelastning i lina. Modellen gir gode vilkår for kontakt med samfunn-,næring- og arbeidsliv på grunn-nivå. Modellen er desentralisert og enkel og gir godt grunnlag for å vidareutvikle strukturar-uavhengig rapporteringsliner. Modellen vurderast til å gi fagleg autonomi, innovasjon og initiativ og tillit i

fagmiljø. Allereie koplingar til fagmiljø i andre fakultet er enkle å vidareutvikle. Som dei andre modellane, legg denne modellen vekt på kopling til nærregionane.

Samstundes er denne modellen det forslaget som gir minst synleg fusjonsgevinst på noverande tidspunkt. Den svarar ikkje på prinsipp om like utdanningar organisert i same institutt, men som allereie nemnt, vil det campusovergipande gje seg til kjenne i School-overbygget og i koordinering av fag og studiar i dei tverrgåande linene.

Modellen fordrar eit godt samarbeid mellom instituttleiarane-særleg innan School-ramma. Utan tverrgåande funksjoner kan ein svekke vilkåra for endring. Dersom ein får ein for sterk organisering kring nærregionane, vil modellen også kunne redusere det regionale samarbeidet på tvers av institutta. Også denne school-organiseringa kan opplevast som eit prioritert fagmiljø i fakultetet med ein anna organisering enn dei andre einingane.

Høyrings spørsmål

Overordna problemstillingar

Vi ber høyringspartane om å strukturere høyringssvara etter følgjande spørsmålsstilling. Om høyringspartane har innspel som fell utanfor spørsmåla - gi desse under punkt 4.

1. Høyringspartane blir bedne om å trekke fram fordelar og ulemper på modellane som er presentert.
2. Høyringspartane blir bedne om å ta stilling til kva modell som er den beste for fakultetet (svar med modell 1, 2 eller modell 3).
 - a. Kva endringar må eventuelt gjerast i valt modell for å gjere den betre?
3. Dersom din føretrekte modell ikkje vert valt, kva modell vil du då føretrekke?
4. Generelle innspel/ eventuelle merknader.

Det er viktig å hugse at innspela vil danne grunnlag for styresaka i september, og at svara derfor bør vere korte og konkrete – og gjerne med god grunngjeving som kan nyttast i saksfremlegget.

Questback skal brukast i høyringa.

Høyringsperioden er 16.-30. september 2017. Det blir og lagt opp til høyringsmøter på kvar campus.

Høyringsinstansar

Bergen

Institutt for økonomisk-administrative fag (Tom Skauge)

Leiar Mohn-senteret (Stig—Erik Jacobsen)

Avdelingsadministrasjon (Henning Norheim)

Sogndal

Instituttleiar Institutt for samfunnsvitskap (Grete Netteland)

Instituttleiar Institutt for økonomi og administrasjon (Leif Longvanes)

Reiselivsleiing (Ove Oklevik)

Avdelingsadministrasjon (Anne Lone Hovland)

Forskningsprogram Innovasjon og kvalitetsutvikling i offentlig tenesteyting og styring (Einar Hovlid)

[Haugesund](#)

Studieleiar i nautikk (Johanne Marie Trovåg)

Studieleiar i økonomi og administrasjon (Tone Merete Brekke)

Avdelingsadministrasjon (Eva Leirbæk)

Forskningsprogram Petromaritime Research team (Jan Jonassen)

Forskningsprogram MARSAFE (Helle Oltedal)

Forskningsprogram Applied Information Technology in Environment and Society (AITES) (Silvia Encheva)

Forskningsprogram BY og regional økonomi (Inge Thorsen)

[Fagforeningane på HVL \(virksomhetsnivå\)](#)

Akademikerne (Pål- Albert Olsen)

Parat (May Britt Sandstå)

NTL (Tone Skjerdal)

Forskerforbundet (Kristin Ran Choi Hinna)

Utdanningsforbundet (Torunn Herfindal)

Sykepleierforbundet (Reidun Staveland)

[Studentråd /Studenttinget](#)

Studentråd AlØ, Bergen (Benjamin Johan Madsen)

Studentråd (nærregion Stord/Haugesund) Morten) Nordvik Hovland

Arbeidsutval Studentting (nærregion Sogn og Fjordane) Halvor Kasland

[Andre](#)

Prorektor (Rasmus Stokke, Liv Reidun Grimstvedt, Bjørg Kristin Selvik, Gro Anita F. Flaten)